



FINANSTILSYNET

THE FINANCIAL SUPERVISORY
AUTHORITY OF NORWAY

Rundskriv

Retningslinjer for behandling av avdragsordninger mellom inkassator og skyldnar

RUNDSKRIV:

5/2013

DATO:

24.05.2013

RUNDSKRIVET GJELD FOR:

Framandinkassoføretak

Filialar av utanlandske

framandinkassoføretak

FINANSTILSYNET

Postboks 1187 Sentrum

0107 Oslo

Innleiing

Inkassolova § 17 fastset at skyldnaren har plikt til å erstatte dei nødvendige kostnadene som fordringshavaren har ved utanrettsleg inndrivning.

Den maksimale erstatningsplikta til skyldnaren for utanrettslege inndrivingskostnader er nærmare regulert i inkassoforskrifta. Det går fram at maksimalsatsane under gitte føresetnader, inkludert avdragsordningar, kan aukast.

Finanstilsynet vil i tilsynspraksisen leggje til grunn følgjande retningslinjer for inkassatoren si behandling av avdragsordningar.

Hovudregel

Erstatningsplikta til skyldnaren overfor inkassator trer inn når inkassator har fått i oppdrag av fordringshavar å drive inn kravet, og når betalingsfristen i inkassovarselet har gått ut, jf. inkassolova § 9. Når inkassator og skyldnar avtaler ei avdragsordning med meir enn fire avdrag, kan maksimalsatsane etter inkassoforskrifta §§ 2-2 og 2-3 aukast med 1,5 gongar inkassosatsen, jf. forskrifta § 2-4. Inkassator har høve til å avtale avdragsordning og leggje til avdragssalær på saka etter inkassoforskrifta § 2-4 dersom samtlege av desse vilkåra er oppfylte, uavhengig av om betalingsoppfordring etter inkassolova § 10 er sendt.

Tidspunktet for å kunne leggje til eit auka salær på avdragsordninga er *når avtalen blir inngått* mellom skyldnar og inkassator. Det har inga betydning for erstatningsplikta til skyldnaren om vedkommande faktisk betaler ned kravet over fire avdrag eller mindre, under føresetnad av at *det er avtalt* mellom partane at kravet skal betalast med fem avdrag eller meir.

Unntak

Det er ikkje høve til å krevje avdragssalær i ei sak som er lagt fram for forliksråd, tingrett eller namsstyresmakt. Inkassator kan heller ikkje krevje avdragssalær dersom avdragsordninga blir avtalt etter at ein av desse instansane har behandla saka.

Påføring av tungt salær under avdragsordninga

Etter inkassoforskrifta § 2-3 kan inkassator som hovudregel påføre det enkelte kravet tungt salær dersom skyldnar ikkje overheld betalingsfristen i ei betalingsoppfordring etter inkassolova § 10 med meir enn 28 dagar, det vil seie på dag 43 etter utsendinga av betalingsoppfordringa. "Tungt salær" inneber som regel ei dobling av det lette inkassosalæret som det er krav om i betalingsoppfordringa.

Dersom ei avdragsordning strekkjer seg utover dag 43 etter utsendinga av betalingsoppfordringa, er det høve til å påføre saka tungt salær i tillegg til avdragssalæret. Inkassatoren må likevel opplyse skyldnaren om at tungt salær blir påført kravet under

avdragsordninga på dag 43 etter at betalingsoppfordring er sendt til skyldnaren, for ikkje å gi avkall på denne moglegheita til å krevje tungt salær i tillegg til avdragssalæret.

Avdragsordning ved samanslåtte krav

Dersom to eller fleire krav blir slått saman etter at lett eller tungt salær har påløpt i dei enkelte sakene, skal salæra i desse sakene bli slått saman. Det same vil gjelde i dei tilfella der det er påløpt avdragssalær for krava som blir slått saman. Det vil berre vere høve til å påføre éi avdragsordning fleire avdragssalær dersom fleire saker der det er avtalt avdragsordningar er slått saman, og avdragssalæret i desse sakene rettmessig har påløpt *før* samanslåinga til ei felles avdragsordning.

Anne Merethe Bellamy
direktør for marknadstilsyn

Wilhelm Mohn Grøstad
seksjonssjef

Kontaktpersonar:

Rådgivar Oda Stensrud, tlf. 22 93 97 61,
e-post: oda.stensrud@finanstilsynet.no
Spesialrådgivar Stein Tore Næprud, tlf. 22 93 98 07,
e-post: stein.tore.naeprud@finanstilsynet.no

FINANSTILSYNET

Postboks 1187 Sentrum

0107 Oslo

POST@FINANSTILSYNET.NO

WWW.FINANSTILSYNET.NO